

**Haugland får fella seks skadehjortar****09.07.2009**

Hjort felt i Haugland-området i fjor. No får dei fella seks skadehjortar. (Foto: Jane Haaranes)

**Haugland Jaktvald ved Lars Haugland har no fått løyve av kommunen til å fella seks ungkoller/bukkar som gjer skade på innmark eller skog.  
Dette er i tråd med søknaden frå Haugland-valdet om løyve.**

Dyra skal fellast på skadestaden eller like ved i perioden frå 1. juli til 9. september.

Dyr som blir skotne skal gå til frådrag i den ordinære fellingskvoten til valdet og det skal leverast prøvar av dyra på lik line med dyr felt uner den ordinære jakta om hausten.

Tilgang til godkjent ettersøkshund skal som for all jakt på hjort vera sikra også ved denne fellinga.

Valdet har i søknaden minna om at det felte 100 prosent av tildelt kvote i fjor og at det er eit betydeleg skadepress i området og ein aktuell skadesituasjon i form av innmarksbeiting.

Avskytingsavtale og bestandsplan er under arbeid og berre små detaljar står att før denne vert godkjent. Men skadepresset er så stort at kommunen velger å tildela skadeløyver som omsøkt.

Av Ola Matti Mathisen